

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Punkt 2, 1. setning:  
Av overskotet vert 34 mill. kr sett av til nedbetaling av lån.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (MDG) for Tomren sitt forslag.

### Innstilling til fylkestinget

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2015 vert godkjend.
2. Av overskotet vert 34 mill. kr sett av til fond for finansiering av investeringar. Resten (kr 34 456 291,23) vert sett av til disposisjonsfond.
3. Fylkestinget godkjenner fylkesrådmannen si praktisering av fondsavsetjing knytt til samlefond for opplæringssektoren.